

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 11 2025. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider. Tema i dette nummeret er FAOs analyse av verdens landbaserte matressursar og arbeid i regi av vår internasjonale organisasjon La Via Campesina.

FAO OM VERDAS LANDBRUKSRESSURSAR

Oppgåva, å kartlegge og analysere endringar i verdas matressursar, er vanskeleg på grensa til uråd, men også nødvendig for å forstå og handle klokt i den tida me er inne i. FAO gav ut den første utgåva av rapporten *Stoda for verdas jord- og vassressursar for mat og landbruk*, i 2011, med nokså ufullstendige analysar, slik det måtte vere for eit så stort og vanskeleg tema. For naturressursane er så mange og av så ulik kvalitet. Neste utgåve av rapporten kom i 2021 og den tredje no like før jul. I samarbeid med verdas nesten 200 land har forskarane i FAO samla og systematisert data av mange slag i den 120 siders rapporten og teke mange steg framover i arbeidet for å få oversyn over matressursane.

VEKSANDE FOLKETAL

Me har bak oss tiår og hundreår med rask vekst i verdas folketal. I år 1800 var det på litt under ein milliard, i 1900 1,65 milliardar, i 1960 3 milliardar og 2025 vel 8,2 milliardar. Men no er det nærare å flate ut. Prognosane no tyder på at folketalet på kloden vil vekse til 9,7 milliardar i 2050 og nå topp-talet 10,3 milliardar i 2085, altså om 60 år.

I Europa og fleire land i andre verdsdelar har folketalveksten stogga, i Amerika er han i ferd med å flate ut og truleg om nokre år også i Asia. Tala tyder på at veksten vil halde fram i dette hundreåret i Afrika og folketalet no, 1,5 milliardar, vil, auke til vel det doble, 3,9 milliardar. Tala er sjølvsagt usikre og meir usikre til lenger unna vår tid me kjem, men i vurdering av matressursane likevel det beste utgangspunktet.

+ 50 PROSENT?

Med bakgrunn i tala i føregåande av-

snitt legg rapporten til grunn at om svoltan skal utryddast, slik FN har som mål, må verdas produksjon av menneskemat, dyrefôr og fiber auke med 50 % fram til 2050.

Det finst tre måtar å auke planteproduksjonen på, større brukt areal, større avlingar og fleire planteslag på jorda (til dømes slik at bonden kan hauste ei

kaldt klima, det er nedbygt av bustader, vegar, hytter eller anna, eller det er så forureina av menneskes aktivitet at det ikkje kan brukast.

Etter FAOs definisjonar er landbruksjorda av to slag, dyrka jord og beitejord. Den dyrka jorda, altså jord med eittårige gras- eller kornvekstar, utgjorde i 2023 138 millionar km², beitejorda

191 millionar km². Omfanget av dyrka jord har de siste tiåra auka lite grann, med 5 % frå 2001 til 2023. Men folketalet har auka mykje meir. Medan kloden i 1992 hadde 2,7 dekar dyrka jord per innbyggjar og i år 2000 2,4, er me no nede på 1,9. Beitejorda har minka med 5 prosent. Forørkning, nedbygging og skog- og grasbrannar i større omfang er blant årsakene.

På dei 60 åra frå 1964 til 2023 har kornproduksjonen auka med 213 prosent, men kornarelet har auke berre med 10 prosent. Meir effektive artar, fire gonger så mykje kunstgjødsel, dobbelt så stort areal med vatning og betre dyrkingsmetodar er blant forklaringane. Men miljøkostnadene er store, utslepp av klimagassar, veksande erosjon, degradert jord, øydelagde vassystem, forureina jord og

tapping av grunnvassbasseng i mange regionar

Når svoltan blant menneske ikkje er større no enn nokre tiår sidan, er det fordi vekstjorda har vorte nytta meir intensivt. På kvart dekar eller hektar jord blir det produsert noko meir mat no enn då. Forklaringar er betre agromi, meir kunstgjødsel, meir kunstig vatning, meir maskinbruk og meir produktive planteslag. Men i dette ligg to problem, kor sterk produktivitet verdas vekstjord toler og kvar grensa for produktivitsvekst går. Kornavlin-



årleg korn- og ei grasavling på åkeren).

LANDBRUKSJORDA

Av jordas overflate på rundt 5100 millionar km² utgjør landjorda medrekna innsjøar og elvar 1480 millionar. Av dette at er tredelen, 4,8 millionar km², jord som med dagens agromi og teknologi kan kategoriserast som landbruksjord. Resten er dekt av vatn og permanente is- og snøbrear, det er nake fjell, det er for bratt eller avsideliggjande til matproduksjon, det har for

gane til dømes har auka frå 200 til 500 og i somme tilfelle 1000 kilo per dekar, med monokulturar, kunstgjødsel i store mengder og ugrasnedkjemping. Men for biologiske produksjonar finst tak. I dei landa som har vore i front når det gjeld produksjonsvekst, som Frankrike for kveite og Japan for ris, har avlingsveksten teke slutt. Det hjelper ikkje med meir kunstgjødsel og sortsendringar, for jord og fotosyntese kan ikkje produsere meir. Hovudmetodane for å auke matproduksjonen med 50 prosent, som er det FAO meiner må til, må vere å få til vekst der utbyttet no er lite og å nytte dei marginale produksjonsressursane betre. Og til det trengst fleire arbeidshender og fleire småbruk. Verda over.


SKADD VEKSTJORD

I mykje av verda blir matjord skadd og forringa, på grunn av driftsmåtar som ikkje er berekraftige, byvekst, bruk av meir vatningsvatn enn det naturen produserer, meir areal til industri, energiproduksjon og kanskje mest av alt klimaendringar. Alt dette svekkjer framtidens mattryggleik. Heile 52 prosent av verdas landbruksland er skadd i større eller mindre grad på grunn av menneskes aktivitet.

Med klimaendringane følger nye nedbørmønster, styrtregn somme plassar og tørke andre, utsette eller framskuva regntider og meir intense tørkeperiodar enn før. Men med alt dette endrar også vekstjorda seg. Når jorda er sunn, porøs, variert og rik på organisk materiale og biologisk variasjon, er ho også i stand til å absorbere, nyttiggjere seg og lagre regnvatn i store mengder. Jord som er skadd av erosjon, pakking, har tett skorpe eller leir-lag fordi det organiske stoffet er borte, får redusert infiltrasjon, stundom med 90 prosent eller meir. I slike høve kan jamvel moderate stormar eller flaumar føre til dramatiske skadeverknader i form av erosjon eller tørke.

Nasjonar svarar på dette med å rydde skog og ta i bruk meir areal til landbruk. Men skogryddinga, aller mest brenning, fører til nytt tap av biologisk mangfald og til at karbon i jorda går over i atmosfæren og bidreg til oppvarminga.

Tørke rammar hardest og mest i område med stor fattigdom. Når matproduksjon minkar i mange land, er tørke ei hovudårsak. Nesten 2 milliardar menneske i over hundre land har dei siste åra vorte ramma av dette, og nesten 500 millionar hektar jordbruksland har vorte mindre produktivt. 72 prosent av verdas ferskvatn går til matproduksjon, og det å nytte dette



Menneskeskapt jordsvekking 2020, jordbruksland, som igjen blir delt i dyrka jord og sletter/beiteland tredekte område og skogar og andre landskaps-typar.

så effektivt som råd er ein nøkkel for framgang i matforsyninga.

KONKLUSJONAR

Rapporten er eit globalt blick på verdas mattilgang. Den viser kor sårbar denne er og at menneskes aktivitet, aller mest i vår del av verda, har gjort mattilgangen meir sårbar, særleg på to måtar, med harddrift og øydelegging av klodens knappe vekstjord og med utslippa av klimagassar.

FAO skal representere alle land og ulike interesser og unngår difor, med nokre unntak, vidtgående konklusjonar for eigen del. Men det globale oversynet rapporten inneheld, legg opp til konklusjonar.


Det å auka matproduksjon med meir intensiv drift i rike land er i ferd med å utspele si rolle. Miljøkostnadene er for store, med jorderosjon, klimaendringar, forureining og ressurstap, og stadig fleire produksjonar stangar i biologiske tak.

Det store vekstpotensialet ligg difor i det me kallar den fattige verda, i afrikanske, søramerikanske og aust-europeiske/vestasiatiske land. Det må skytast inn at nemninga er noko

misvisande, for dei er berre økonomisk fattige, men ofte rike på naturressursar. Den globale oppgåva er å utvikle agromoni, vatningsmetodar, gjødslings- og driftsmåtar slik at landa aukar matproduksjonen, men unngår dei mistaka og miljøbelastningane vestleg agroindustri har ført til.

Det andre vekstpotensialet dreiar seg om å ta i bruk også dei meir marginale landbruksressursane. I Europa/USA har mykje av desse vorte tekne ut av produksjon dei siste tiåra. Til dømes har europeisk kornareal skrumpa inn, medan avlingane på attverande åkrar har auka. Om målet om 50 % vekst i matproduksjonen skal nåast, må mykje av desse areala takast i bruk att.

FAO er i ferd med å utvikle ein metodologi, *The Global Agro-Ecological Zoning* (GAEZ), for å kombinere klimadata, jord- og terrengkvalitet og planters vekstbehov og ut frå dette finne aktuelle plantesortar og nivå på teknologi og arbeidsinnsats, slik at potensialet i marginalt landbruk kan utnyttast betre. «Finansielle og politiske instrument, inkludert fleksibel politikk og praksis, må utviklast for å oppnå berekraftig forvaltning av



Kolonnane viser dyrka jord per innbyggjar på kloden 1998-2022, den raude streken verdien av avlingane

marginale landbruksland», er blant deira konklusjonar. Og fordi driftsvilkåra i matproduksjon varierer så mykje, må dette arbeidet skje nedanfrå. Det globale perspektivet er difor samtidig eit lokalt perspektiv.

Dei skriv til dømes, som ein konklusjon av det slaget dei vanlegvis ser det som politikanane si oppgåve å trekkje:

«Det å sikre tilgang til naturressursane for småbønder og sårbare grupper er eit potensial for å auke produktiviteten, t vare på ressursane og bidra til bygdeutvikling.»

Det føregåande er berre eit lite innblikk i ein innhaldsrik og omfattande rapport. Mykje i rapporten viser samanfall med NBS sin landbrukspo-

litikk for Norge. Difor kan FAO-rapporten sjåast som ei underbygging og utdjuping av at vår politikk ikkje er snevert og umoderne norsk, men i samsvar med tenkinga til mange av verdas fremste forskarar om korleis kloden skal kome ut av problema med liten og usikker tilgang på mat.

LA VIA CAMPESINA — NOVEMBER 2025



På LVCs hjemmesider presenterer verdens største fagorganisasjon med 200 millioner medlemmer en handlingsvegg som viser aktiviteter i ulike land. Vi ser på hva som skjedde i forrige måned. Det handler om protester mot vold mot kvinner, mest på verdensdagen mot vold mot kvinner 25. november, og det handler om aksjoner for klimarettferd, for demokrati og matsuverenitet. Det som følger, er et lite utdrag fra aktivitetene rundt om i verden.

SØR-AMERIKA

I Brasil 12.-16. november i Belém do Pará i Amasonas samlet Folkets toppmøte mer enn 70.000 mennesker fra urfolksgrupper og fisker- og landbruksmiljøer fra mange land. I en felles erklæring forpliktet de seg til å arbeide for en rettferdig og demokratisk verden med levelige kår for alle. Enhet i mangfold var hovedbudskapet i felleserklæringen fra møtet. Agrarformer som sikrer jord til alle som vil

produsere mat, agroøkologi, demilitarisering og rettferd for kvinner var blant temaene de tok opp.

25. november ble markert i mange søramerikanske land. I Asunción i Paraguay arrangerte småbrukerorganisasjonen i landet sammen med feminist-grupper en folkemarsj med parolen *Før våre rettigheter og Mot alle former for vold*. I Columbia gikk kvinne- og småbrukerorganisasjoner sammen om en stor konferanse om kvinners situasjon med spesiell vekt på framtidsgarantier for bønder, urfolk, svarte og fiskerkvinner. I Brasil samme dag oppfordret småbrukerorganisasjoner til å protestere mot vold mot kvinner og forlange rett til medisinsk behandling, transport, bedre sanitærforhold, juridisk vern, regler mot overarbeid og rett til jord.

MELLOM-AMERIKA OG KARIKIBIA

La Via Campesina i Honduras fordømte innblandingen fra Donald Trump før og etter valget 30. november og

presidentens innblanding i nasjonal politikk og favorisering av selskaper som har krenket bondeområder og -rettigheter. I Guatemala 21. november ble et stormøte arrangert om kvinners rettigheter og rett til innvirkning.

I Den dominikanske republikk ble bygdekvinners festival holdt, med vekt på lokal kultur og kamp for småkårs-folks retter. I Haiti brukte 150 bygdekvinner 16 dager før 25. november til forberedelser til den internasjonale aksjonsdagen.

NORD-AMERIKA

I Canada 20. november stemte delegatene på landsmøtet til National Farmers Union for å se på vold i nære relasjoner og kjønnsbasert vold som en epidemi. Ledere må forplikte seg til å arbeide systematisk mot volden, og samfunnet må gi dem ressurser til dette arbeidet, for det er et utbredt sosialt problem og ikke en privatsak, uttalte de

I USA oppfordret National Family Farm Coalition til handling for loven



om lokalmat, et tverrpolitisk lovforslag til støtte for små kjøttprodusenter i bygdene. Et mål Målet er å tillate slaktning på gårdene og en kortere vei fra fjøs til bord.

EUROPA

I Frankrike slutta Confédération Paysanne seg til en bred samling av sosiale bevegelser i aksjon mot en såkalt plantevernfabrikk til BASF. Fabrikken slipper ut store mengder giftstoff i Seinen, og giftige stoffer som er forbudt i Europaproduseres fortsatt for eksport blant annet til Brasil. 500 bønder blokkerte fabrikkområdet med traktorer.

I Galicia i Spania ble den 11. kongressen til den galisiske bondeunionen arrangert. De feiret 50 år med kamp for gode bygde- og landbruksmiljøer og la omfattende planer for arbeidet framover.

LA VIA CAMPESINA

- 180 organisasjoner
- 81 land
- 200 millioner medlemmer
- 10 regioner



ASIA

I Thailand arrangerte kvinner fra Organisasjonen for fattige et møte foran FN-kontoret i Bangkok, også på den internasjonale dagen mot vold mot kvinner. De la vekt på at statlig støtte til monokultur, storskala- og eksportlandbruk gjør at mange kvinnebønder sliter med stadig lavere landbruksinntekter, samtidig som de oftest har hovedansvar for husholdning, barn og eldre.

I Sør-Kalimantan i Indonesia organiserte den indonesiske bondeorganisasjonen SPI en konferanse om matsuverenitet, med vekt på urfolks kunnskaper og agroøkologiske praksiser. Bøndene understreket at matsuverenitet er en grunnleggende rettighet og framhevet FN-erklæringa om rettighetene til bønder og andre bygdefolk, UNDROP, som rammeverk.

I Karnataka i India demonstrerte bønder for bedre og faste priser på sukkerrør og mais, og bondeorganisasjoner over hele landet uttrykte frykt for at handelsforhandlinger med USA vil åpne landet for mer matimport derfra. Med de store statssubsidiene som US-amerikanske bønder mottar, kan de selge varer til India til under produksjonspris i land, uttalte de.

I Sri Lanka eksproprierer myndighetene jordbruksland, ofte med behov for arkeologiske utgravinger som begrunnelse. LVC-organisasjonen MONLAR sier det i stedet handler om å frata lokalsamfunn ressurser de har

hatt som levebrød i hundretalls år og gi jorda til storselskaper.

AFRIKA

I Mosambik ble et program for å ta i bruk lokale frøsorter gjennomført, med vekt på matsuverenitet og krav om at landsbygdas stemmer skal bli hørt. I Uganda ble kurs avholdt om det handlerommet småbønder har i forhold til myndighetene. I Kenya 3. desember holdt småbru-

kerlaget en høring mot genmodifiserte organismer. Sentralt der var artikkel 19 i UNDROP-erklæringen.

I mange bygder i Mali deltok bondekvinner i prosjektet Kvinners agenda for fred 25. november. I Senegal var temaet samme dag agroøkologi som løsning for robust og bærekraftig landbruk i en tid med klimaendringer.

I Den arabiske region, der La Via Campesina har avdelinger i sju land, ble en samling holdt i Tunisia 22.-25. november, med vekt på å styrke grasrotorganisasjoner og styrke samarbeidet, og også mfokus på kvinners sentrale rolle i landbruket og det globale arbeidet for å avskaffe vold mot kvinner.

Det foregående er et lite utdrag av aktiviteten i La Via Campesina i november 2025 Mer omfattende materiale finnes på nettsidene til organisasjonen.

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2026

Leiar Stein Brubæk, e-post stein359@gmail.com

Heidi Hogset e-post Heidi.Hogset@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com

Ingvild Asphol, e-post iasphol@protonmail.com

Ilona Drivdal, e-post ilonadrivdal@yahoo.no